



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2021/22812-3

Vår ref  
20/5879-7

Dato  
15. september 2021

### **Overslag over ferjeavløysingsmidlar for ferjestrekningar i Vestland fylkeskommune - Spørsmål til nye overslag over ferjeavløysingsmidlar**

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune av 30. juni med oppmoding om ei forklaring på endring i normerte ferjekostnader og berekning av ferjeavløysingsmidlar for nokre prosjekt i Vestland.

#### Atløysambandet

I 2018 blei ferjekriteriet i inntektssystemet endra frå talet på ferjesamband til normerte ferjekostnader. Dei normerte ferjekostnadene blir rekna ut i ein kostnadsmodell utvikla av Møreforsking Molde. Kriteriet tek omsyn til at kostnadene ved å drifte eit ferjesamband blir påverka av trafikkmengda, kor langt sambandet er og typen farvatn. Sambandslengda har stor innverknad på storleiken på dei normerte ferjekostnadene.

I den første versjonen av kriteriet var ikkje sambandslengda i fleirkantsamband (dvs. samband med fleire enn to anløp) heilt tydeleg definert. Det gav ein ulik praksis for berekning av normerte ferjekostnader mellom dei ulike ferjesambanda. Normerte ferjekostnader for fleirkantsambandet Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet var basert på den lengste sambandslengda, altså som om alle avgangar trafikkerte den fulle rundturen frå Gjervik via Askvoll og Fure til Værlandet, og tilbake igjen. Dette gav ein langt høgare verdi på ferjekriteriet for dette ferjesambandet enn for liknande samband andre stader i landet. Men dei fleste avgangane og hovuddelen av trafikken går berre på strekninga Askvoll–Gjervik, dvs. strekninga som skal avløysast.

I 2020 blei det gjort fleire metodiske justeringar i berekninga av normerte ferjekostnader. Målet med justeringane var mellom anna å sikre lik praksis for fastsetting av sambandslengda i fleirkantsamband. Departementets forslag til justeringar blei sendt på

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Sissel Ferstad  
22 24 67 06

høyring 21. mars 2018 (vår ref. 17/3067-29), og verken Hordaland eller Sogn og Fjordane hadde merknader til justeringane (dykkar ref. 2017/16792-3 og 15/8208-65). Som ein del av desse justeringane har ferjesambandet Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet blitt delt i to samband: Askvoll–Gjervik og Askvoll–Fure–Værlandet. Nytt anslag på ferjeavløysingsmidlar er berekna på grunnlag av avløyning av heile ferjesambandet Askvoll–Gjervik.

Frå 2020 har ein òg fått ein meir lik praksis for berekning av normerte ferjekostnader for fleirkantsamband når det gjeld sambandslengda, der ein mellom anna tek omsyn til talet på avgangar per strekning. Det betyr at viss Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet framleis hadde blitt rekna som eitt ferjesamband i kriteriedata, ville sambandslengda i hovudsak blitt fastsett ut frå strekninga Askvoll–Gjervik, som har dei fleste avgangane. Sambandslengda ville derfor blitt vesentleg kortare enn i 2018-versjonen av kriteriet. Dei normerte ferjekostnadene og ferjeavløysingsmidlane hadde dermed òg blitt lågare om Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet framleis hadde blitt rekna som eitt ferjesamband.

#### Huglosambandet

Prosjektet skal gje fastlandssamband til Nord-Huglo. Etter planen skal heile sambandet Jektevik–Nordhuglo–Hodnanes avløyast, men sidan ny ferjefri E39 er eit statleg prosjekt, blir vegprosjektet til Nordhuglo rekna som ei innkorting av ferjesambandet.

I den første versjonen av normerte ferjekostnader for ferjesambandet i 2018 var det ikkje rapportert inn nokon strekningslengde for Nordhuglo–Hodnanes frå fylkeskommunen, dvs. den delen av sambandet som skal avløyast. Berekninga av ferjeavløysingsmidlar frå 2019 var derfor basert på eit usikkert anslag. Anslaget var basert på forslag til korleis sambandslengda skal definerast i fleirkantsamband, i tråd med forslag til ny ferjestandard og berekning av ferjekriteriet i inntektssystemet som var på høyring våren 2018. Ny berekning av ferjeavløysingsmidlar for Huglosambandet er basert på faktisk utslag i normerte ferjekostnadar i inntektssystemet for 2021, og er derfor eit meir sikkert anslag.

#### Fjelbergsambandet

Berekninga av ferjeavløysingsmidlar for Fjelbergsambandet i 2018 var basert på innkorting av ferjesambandet Fjelberg–Sydnes–Utbjoa(–Skjersholmane). I 2020 blei det gjort endringar i retningslinene for ferjeavløysingsordninga, slik at ferjesamband som består av fleire delstrekningar der det berre er aktuelt å avløyse delar av sambandet, blir berekna som om heile sambandet blir avløyst, så lengje heile sambandet blir nedlagt. Ny utrekning er basert på at heile sambandet blir nedlagt, og nytt anslag på ferjeavløysingsmidlar har dermed auka.

#### Bjelkarøysambandet

Berekninga av ferjeavløysingsmidlar for Bjelkarøysambandet i 2019 var basert på innkorting av ferjesambandet Hjellestad–Lerøy–Bjelkarøy–Klokkarvik. Ny utrekning er basert på at heile sambandet blir nedlagt, og nytt anslag på ferjeavløysingsmidlar har dermed auka.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Sissel Ferstad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet